

- KUNNGJERING -

Fleire søkjarar – Søknader om løyve til å byggje fem småkraftverk i Luster kommune i Sogn og Fjordane.

NVE har motteke søknadar frå fleire søkjarar om løyve til å byggje fem småkraftverk i Luster kommune i Sogn og Fjordane. Søknadane skal handsamast samtidig og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men og alle sakene samla.

Småkraftverka vil samla gje ein årleg produksjon på vel 70 GWh. Dette svarar til straumbruken til om lag 3500 husstandar.

Kommune	Søknad	Søkjar	Installert effekt (MW)	Produksjon (GWh)
Luster	Kinsedal kraftverk	Blåfall AS	6,54	15,45
Luster	Kveken kraftverk	Blåfall AS	6,85	16,50
Luster	Mordøla kraftverk	Mordøla kraftverk SUS	4,95	12,10
Luster	Åselvi kraftverk	Norges Småkraftverk AS	4,30	11,80
Luster	Rydøla kraftverk	Luster Småkraft AS	7,90	14,90

I samband med søknadane vil NVE arrangere **eit offentleg folkemøte på Fjordstova i Skjolden i Luster** **tysdag 12.5.2015 kl. 19.00**. Her vil søkjarane informere om prosjekta i Luster og NVE vil orientere om behandlinga av søknadane. Det vil vere anledning til å stille spørsmål.

Søknadane med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på rådhuset i Gaupne og biblioteket i Gaupne, og på NVE sine nettsider www.nve.no/vannkraft fram til høyringsfristen 30.06.2015. Viss de ønskjer papirutgåve av søknadane kan de ta kontakt med tiltakshavar for kvart enkelt prosjekt.

Fråsegner kan sendas oss elektronisk via www.nve.no/vannkraft, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan 30.06.2015.